

Les Nasjonen i en måned for kun kr 1,-

REPORTASJE ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/REPORTASJE/](http://www.nasjonen.no/reportasje/))MENING ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/MENING/](http://www.nasjonen.no/mening/))

BESTILL



Fleire år: Rumenske Szilvia Deak (35) og slovakiske Anton Dulak (32) har jobba ved Lauvsnes Gartneri på Finnøy sidan 2006. – Eg tenkte fyrst eg skulle bu på Finnøy i to år. No har eg vore her i ni, seier Dulak. Foto: Siri Juell Rasmussen.

Austeuropearar gjer stadig meir av jobben i landbruket

Talet på utanlandske arbeidrarar i landbruket aukar stadig. På Finnøy finst det få gardsbruk utan austeuropeisk arbeidskraft.



EVA AALBERG UNDHEIM

✉ eva.undheim@nasjonen.no (<mailto:eva.undheim@nasjonen.no>) | [@evaaau](https://twitter.com/evaaau) (<http://twitter.com/evaaau>)

PUBLISERT: 21.07.14 02:30 | OPPDATERT: 22.07.14 16:42

Tweet 0 Anbefal 37 Del 0

Lauvsnes, Finnøy kommune: – Desse plantene vart sett ut i mars. Stemmer ikkje det, Szilvia?

Det er Geirulf Vignes, driftssjef og far til eigaren av Lauvsnes Gartneri, som spør. Szilvia Deak (35) nikkar stadfestande. Etter å ha jobba åtte år i tomatgartneriet, har ho like god oversikt over produksjonen som driftssjefen.



Då Deak kom til Finnøy frå Romania for fyrste gong i 2001, kunne ho ingenting om tomatproduksjon, seier ho. I dag fungerer ho som arbeidsleiar for nær 40 austeuropearar som har jobb på gartneriet på Lauvsnes.

MENING ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/NAERING/](http://www.nationen.no/NAERING/))

Slovakiske Anton Dufek (32) har også lang fartstid i gartneriet. Han er med å syne Nationen rundt gjennom EU ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/EU/](http://www.nationen.no/EU/)) rom etter rom med rankar av plantar. Lufta er varm og litt fuktig og

REPORTASJE ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/REPORTASJE/](http://www.nationen.no/REPORTASJE/))

– Eg tenkte fyrst eg skulle bu på Finnøy i to år. No har eg vore her i ni, seier han.

– Er ganske avhengige

Av rundt 40 tilsette ved Lauvsnes Gartneri i dag, er det berre tre nordmenn. Fire når ein inkluderer eigar og dagleg leiar Jan Terje Vignes.

Vignes seier det ikkje er så lett å få tak i nordmenn som ønskjer å jobbe i gartneriet.

– Dessutan har vi eit godt inntrykk av og god erfaring med dei som flyttar hit for å jobbe. Dei har god arbeidsmoral og er engasjerte i jobben. Mange av dei er vener og kjende av dei vi allereie har tilsette, seier Vignes.

Det starta med to og tre utanlandske sesongarbeidarar i 2001. Sidan har talet auka i takt med at gartneriet har vorte utvida. Fyrst i 2008, deretter med omlegging til heilårsproduksjon i 2011, og så med ei nær dobling av drivhusarealet no.

I dag produserer Vignes tomatar på 30 mål totalt. Det gir om lag 1000 tonn tomatar årleg, og krev arbeid frå fleire.

30 av dei 40 tilsette austeuropearane på Lauvsnes jobbar og bur på Finnøy på heilårsbasis.

– Vi er ganske avhengige av dei, slik vi har det no, seier Jan Terje Vignes.

Gjer 13 prosent av arbeidet

Lauvsnes Gartneri er ikkje noko unntak. Medan talet på årsverk i norsk landbruksnæring går ned, går talet på arbeidsinnvandrarar som er sysselsette i landbruket jamt oppover.

Ifølgje estimat frå Norsk senter for bygdeforskning, var godt over 20.000 arbeidsinnvandrarar innom det norske landbruket i løpet av 2011. Same år stod arbeidsinnvandrarar for rundt 13 prosent av den totale arbeidsinnsatsen i landbruket. Tilsvarende tal for 2009 var på 8 prosent, og i 2003 stod arbeidsinnvandrarane for rundt 4 prosent av arbeidsinnsatsen.

I tillegg er arbeidsinnvandrane stadig lengre i jobbane i landbruket. Nye tal frå SSB syner at landbruket i siste kvartal av 2013 sysselsette 3556 arbeidsinnvandrarar som er registrerte som buande i landet i meir enn 6 månader. Det er 360 fleire enn i 2010 og nær 1200 fleire enn i 2008. Austeuropearar frå land innanfor EU utgjer den desidert største gruppa.

Slik er det også i gartneriet på Lauvsnes. Der jobbar det

ANNONSE



POLITIKK ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/POLITIKK/](http://www.nationen.no/POLITIKK/))

VERDEN ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/VERDEN/](http://www.nationen.no/VERDEN/))

MENING ([HTTP://WWW.NATIONEN.NO/MENING/](http://www.nationen.no/MENING/))

126 VARSLER

Korsblomstfamilien, K	17.06	18.06	19.06
Korsblomstfamilien, K	17.06	18.06	19.06
Hodekål, Kålfuor (lit)	17.06	18.06	19.06
Hodekål, Kålfuor (lit)	17.06	18.06	19.06
Korsblomstfamilien, K	17.06	18.06	19.06



**Oppdaterte varsler
hver dag**

www.vips-landbruk.no

(http://eas4.emediate.eu/eas?camp=268662::cu=13438::no=410927::ty=ct::cat=nat_nationen::uuid=5f93d860-16f5-11e4-a2be-002590a436ed)

FAKTA

**ARBEIDSINNVANDRARAR
LANDBRUKET**

SISTE FRA REPORTASJE



På sporet av moskusen
(<http://www.nationen.no/sporet-2/>)

09:30 Kultur i bøtter og spann (h...
02:30 Austeuropearar gjer stadi...
02:42 Traktortevling, swing og st...
19:30 Fra lærer til fluefiske-grün...

SISTE FRA FRONTEN

09:19 Japan innfører sanksjoner...
08:00 Kamel på rømmen i Stjør...
07:31 Vil granske PSTs terror...
02:30 Noreg kan spare millionar...
02:30 Ingen oversikt over antibi...


<http://www.nationen.no>

ungarrarar, slovakarar, polakkar og rumenarar.

MENY

– Dei fleste er her med familie og slektningar, seier

 Szilvia Deak. [NÆRING \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/NAERING/\)](http://www.nationen.no/NAERING/)
[LANDBRUK \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/LANDBRUK/\)](http://www.nationen.no/LANDBRUK/)

LOGG INN

 Ho har sjølvmar og barn på Finnøy, og der bur ho i dag. [SAMFERDSEL \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/SAMFERDSEL/\)](http://www.nationen.no/SAMFERDSEL/)
[POLITIKK \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/POLITIKK/\)](http://www.nationen.no/POLITIKK/)

 I tillegg har broren hennar og kona, svogeren og kona og nokre av syskenborna hennar flytta til Finnøy for å jobbe. [EU \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/EU/\)](http://www.nationen.no/EU/)
[VERDEN \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/VERDEN/\)](http://www.nationen.no/VERDEN/)

 Ho seier det er stort å gå opp fjell heime frå som østskje. [REPORTASJE \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/REPORTASJE/\)](http://www.nationen.no/REPORTASJE/)
[MENING \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/MENING/\)](http://www.nationen.no/MENING/)

Byggjer hus heime

Geirulf Vignes fortel at han har ei lang venteliste med personar som har bede om jobb. Det er i hovudsak vener og familie til dei som allereie jobbar i gartneriet.

Anton Dulak har også hatt familien buande på Finnøy. Kona og dei to borna flytta heim att i fjor, fordi eldstemann skulle starte på skulen.

– Kona mi jobba også her, men då ungane våre slutta å snakke slovakisk, flytta ho heim med dei, seier Dulak.

VERT LENGER

Då vi flytta hit, ville vi tene pengar, bygge hus heime og så reise heim att. Så har vi vorte lenger. Huset heime er ferdig, men vi er framleis her.

Heim er byen Stara Lubovna, der familien har eit nytt hus, som dei har bygd seg medan dei har jobba i Noreg.

Dulak skal også flytte dit snart, men han har ikkje bestemt kor tid enno.

– Når eg flyttar heim, skal eg byggje drivhus. Om ikkje så stort som dette, så i alle fall eitt på to gonger to meter, seier han.

Rumenske Deak har ikkje nokon like klar plan.

– Eg har lyst å flytte heim ein gong, men kor tid, det veit eg ikkje. Det er vanskeleg å vite. Då vi flytta hit, ville vi tene pengar, bygge hus heime og så reise heim att. Så har vi vorte lenger. Huset heime er ferdig, men vi er framleis her, seier ho.

Vil verte buande

På ein av nabogardane til Lauvsnes jobbar rumenaren Nicolae Emanuel Mabda (32). Han har vore tilsett hjå mjølkebonde og maskinentreprenør Reidar Roda sidan 2001. Fyrst på kontrakt for tre månader, så på kontrakt for seks månader og deretter på heilårsbasis sidan 2007.

Mabda er ganske overtydd om at han ikkje kjem til å flytte tilbake til heimlandet att. Han har prøvd å selje det nybygde huset sitt i landsbyen Beius, vest i Romania.

I 2004 kom kona hans også til Finnøy, og i dag bur dei her med to born. Kona har jobb i kommune. Dottera på fire og eit halvt år snakkar norsk med dialekt. Sonen på to har aldri vore i Romania.



(<http://www.nationen.no>)

MENY

Alle syskena til Mabda er i dag busette i Rogaland, og i
for kjøpte foreldra hans også hus på Finnøy. Han kallar

familien Roda «sin andre familie» og
«reservebesteforeren for barna». Roda kallar Mabda eit
familiemedlem» og «storebror til borna våre».

[SAMFERDSEL \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/SAMFERDSEL/\)](http://www.nationen.no/SAMFERDSEL/)

[LANDBRUK \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/LANDBRUK/\)](http://www.nationen.no/LANDBRUK/)

LOGG INN

[POLITIKK \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/POLITIKK/\)](http://www.nationen.no/POLITIKK/)

– Eg trur ikkje eg flyttar tilbake til Romania. Eg hadde ein
idé om at eg skulle gjere det fram til 2010 eller noko slikt,
men ikkje no. [REPORTASJE \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/REPORTASJE/\)](http://www.nationen.no/REPORTASJE/)
null. Eg har hus der, men ikkje noko å gjere, seier Mabda.

[EU \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/EU/\)](http://www.nationen.no/EU/)

[VERDEN \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/VERDEN/\)](http://www.nationen.no/VERDEN/)

[MENING \(HTTP://WWW.NATIONEN.NO/MENING/\)](http://www.nationen.no/MENING/)

Han seier jobben på garden og for Roda Agri Maskin gir
han ei årsløn på over 450 000 kroner.

Får dårlegare betalt

Roda hadde ikkje hatt faste tilsette før Mabda bad om
jobb i 2001. I dag kan han ikkje kome på meir enn ei
handfull gardsbruk på Finnøy som ikkje har tilsett
utanlandsk arbeidskraft.

– Utan arbeidskraft frå utlandet, ville Finnøy ha stoppa
heilt opp. Ingenting ville fungert. Alle har hjelp i dag. Eg
kjem ikkje på ei bedrift som ikkje tek inn utanlandsk
arbeidskraft. Sjølv kommunen gjer det, og butikken og
skulen, seier han.

Arne Madland, som er dagleg leiar i Finnøy og Rennesøy
avløysarlag, kan stadfeste at det er svært få bønder på
Finnøy i dag som ikkje har utanlandsk arbeidskraft.

– Vi har norske ungdommar i arbeid også, men trenden
er at det er utlendingar som har dei fleste heiltidsjobbane
i landbruket, seier han.

Av dei 1100 personane avløysarlaget løner totalt, er rundt
250 utanlandske. Dei 250 står for om lag 50 prosent av
omsetjinga til avløysarlaget.

– Dei utanlandske arbeidstakarane er populære, for dei er
flinke til å arbeide. Så er det også slik at bøndene treng
meir og meir folk på heiltid. Nordmenn er ikkje så
tilgjengelege, seier han.

Madland seier dei utanlandske arbeidstakarane vert
lønna etter arbeidsmiljølova og allmenngjort tariffavtale i
landbruket. Det tilseier minstesatsar som den siste tida
har lege på 108 kroner timen for dei med mindre enn tre
månaders ansiennitet og minst 125,5 kroner timen frå
seks månaders ansiennitet. Arbeid ut over 40 timars veke
og ni timars dag, gir overtid.

– Det er sjølvsagt folk som stig i løn utover det, men
lønningane er ikkje høge, det er ingen løyndom. Nordmenn
som jobbar i landbruket får stort sett betre betalt, seier
han.

Han trur ikkje landbruksnæringa kunne produsert like
mykje som no, dersom den utanlandske arbeidskrafta var
like dyr som den norske.

– Landbrukets er ikkje ei næring med svært gode
økonomiske vilkår. Eg trur difor ikkje det er økonomi til å
produsere mat på høge norske lønningar, seier han.


(http://www.nationen.no)

Tweet 0
Anbefal 37
Del 0

MENY
Kommentarer
Nettsamfunn
Logg inn

Beste først
NÆRING (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/NAERING/)
LANDBRUK (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/LANDBRUK/)
LOGG INN

SAMFERDSEL (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/SAMFERDSEL/)
POLITIKK (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/POLITIKK/)

Bli med i diskusjonen...

EU (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/EU/)
VERDEN (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/VERDEN/)

REPORTASJE (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/REPORTASJE/)
MENING (HTTP://WWW.NATIONEN.NO/MENING/)



Arvid Jøssang for 2 dager siden
Dette er nyt Norge i praksis!

5 • Svar • Del



Denne kommentaren ble slettet.



Nilshalvor Skinnes → Polarfront64
• for 7 dager siden

Å ha avtaler med land for arbeidsinnvadrang kunne vi hatt helt uten EØS!

2 • Svar • Del

OGSÅ PÅ NATIONEN

SV: Forbrytelser skal ikke lønne seg for politiet
4 kommentarer • for 3 dager siden

 **Jeb Jensen** — Høyre bør instruere
Justisdepartementet om ...

Uskyldig tiltalt ulvejeger får erstatning
20 kommentarer • for 4 dager siden

 **Arild Smaaberg** —
Vedkommende må jo få en klekkelig erstatning. Det ...

HVA ER DETTE?

Sau, skutere, støy – og arroganse
Én kommentar • for en dag siden

 **Geir Langlo** — Denne by
bygd forestillingen er konstruert og det er i ...

Rovdyrforkjemper mener uskyldig siktet ulvejeger ...
25 kommentarer • for 2 dager siden

 **Thomas Fehn** — Hva mener
Vadder og ARR med kommentaren "– Han er ...

 Abbonér

 Legg Disqus til på din nettside





 940 08 650
  TIPS OSS
  INSTAGRAM
  FACEBOOK
  TWITTER

(TEL:+4794008650) (MAILTO:TIPS@NATIONEN.NO) (FACEBOOK.COM/NATIONEN) (TWITTER.COM/NATIONEN)

KONTAKT OSS

**Ansvarlig redaktør/
daglig leder**

Mads Yngve Storvik
(mailto:mads.storvik@nationen.no)

VÅRE PRODUKTER

E-avis

(https://itunes.apple.com/sa/app/nationen-e-avis/id795089221?mt=8&ign-mpt=uo%3D2)

ÅPNINGSTIDER

Sentralbord

Man-fre 07.30-16.00
Telefon: 21 31 00 00
(tel:+4721310000)

ANNONSER

Annonseavdelingen

Man-fre 08.00-16.00
Telefon: 21 31 44 44
(tel:+4721314444)
E-post:



Nyhetsredaktør
(<http://www.nationen.no>)

Rino Andersen
(<mailto:rino.andersen@nationen.no>)

Utgave for lesebrett
(<http://tablet.nationen.no>)

Digitalt arkiv
(<http://www.nationen.no/naering/>)

Kundeservice
Man-fre 07.00-16.00
Telefon: 23 33 91 52
(tel: +4723399152)

annonse@nationen.no
(<mailto:annonse@nationen.no>)

≡ MENY

Politisk redaktør
Pernille Huseby
(<mailto:pernille.huseby@nationen.no>)

NÆRING (<http://www.nationen.no/naering/>)

SAMFERDSEL (<http://www.nationen.no/samferdssel/>)

KUNDESIDER

EU (<http://www.nationen.no/eu/>)

REPORTASJE (<http://www.nationen.no/reportasje/>)

Min side
(<http://www.nationen.no/abonnementssider/min-side/>)

LANDBRUK (<http://www.nationen.no/landbruk/>)

POLITIKK (<http://www.nationen.no/polittikk/>)

VERDEN (<http://www.nationen.no/verden/>)

AS Nationen
Schweigaardsgate 34 E
0184 Oslo Norge
Organisasjonsnummer:
914 531 543

👤 LOGG INN

Nationen arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler (<http://presse.no/Etisk-regelverk/Vaer-Varsom-plakaten/>) for god presseskikk.